Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Etne

Emne: Helsing. fakter og åtferd — Bygdelag:

Oppskr. av: Trygve Unge, 54 år — Gard:

(adresse): Frette — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er~~ og etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er vanleg at folk uttrykkjer „ja" og nei med eit lite „nikk" med hovudet.
2. I min barndom helsa folk på alle dei møtte, både kjende og ukjende. I dei siste 30 åra har folk slutta med det og helsar berre på kjende.
3. Mannfolka helsa først – og dei yngste helsa først når to av same kjøn møttest
4. Når folk møttest sa dei „signe møte."
Når ein nådde att nokon på vegen sa ein: „Velkomen føre." Eller dei som var føra helsa først: „Velkomen etter."
Men i eldgamal tid helsa folket i Etne såleis når dei møttest: „Vidt vegamot, sæl er den som godt har gjort."
5. Når mannfolk møtte presten eller andre embetsmenn, tok dei av seg hatten eller huva. Men ikkje om dei møtte andre kjende eller ukjende.
6. Når folk heldt hatten med begge hender eller huva under armen, tydde det at dei var sers audmjuke og hadde stor vyrdnad for den dei snakka med
7. Når folk gjekk i høgtidsklede handhelsa

7506

dei ofte – eller tok hatten av. Men det gjorde dei ikkje når dei gjekk i kvardagsklede.

8. I brudlaup og gravferd handhelsa ein på alle, kjende og ukjende, små og store. I kyrkja handhelsa folk på alle som sat i same stolen, og ute på kyrkjebakken handhelsa ein på kjenningar og slektningar. Og når ein kom på vitjing, handhelsa ein på alle i huset.

9. „Slo meg på aksla," sa folk kr. Og det at folk „slo" kvarandre på aksla var uttrykk for glede og venskap.

10. Det vert fortalt at folk tok av seg hatten ~~...~~ i eldre tid når dei høyrde klokkeringing på kyrkja.

11. Når folk møtte likferd eller brurefylgje, gjekk dei til sides og tok hatten av seg og stille medan fylgjet for framom.

12. Ukjent.

13. Folk sa „gomorn" før frukost. Etter frukost og til i mörkninga sa dei „goddag." Deretter sa dei „god kveld". Og når dei gjekk frå kvarandre se dei „god natt."

14. Folk ser det helst som usömeleg og tilgjort om folk seier „gomorn" heile dagen eller om kvelden, men det vert meir og meir bruka.

15. Folk svarar med same helsinga.

16. Sjå svar 14.

17. Tidlegare helsa dei såleis: Signe laget. Signe kvile. Signe maten. Signe arbeidet o.s.b. men no vert det sjeldan bruka slike helsingar.

7506

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

18. Når nokon fekk ei serleg god tiend, svara dei „Å velsigne deg."

19. Gjesten tok oppatt helsinga når han kjem inn, og då sa dei gjerne: „God dag i stova."

Ein dag då Gunnar Rugtveit kom inn til grannen sin Knut Fløke for ca 80-90 år sidan, helsa han såleis: „Goddagen, Goddagen. Goddag alle saman Goddagen i stova." fortalde Anna Nesnes (fødd Fløke) for ca 40 år sidan.

20. Ein bad husfaren koma ut når ein ville tala med han åleine -, men det hende ofte at husfaren bad vedkomande med seg inn i bestestova.

21. Når ein kjem til framande, bankar ein på utedøra og står og ventar til nokon kjem ut. Men når ein kom til kjensfolk gjekk ein alltid beint inn i stova utan å banka på tidlegare. No i den seinare tid, er det vorte meir vanleg å banka på døra før ein går inn.

22. Dei som er inne svarar: „Kom inn." og den som kjem inn, helsar og stansar nede ved døra

23. Husfolket bad alltid vedkomande koma innar i stova - eller å setja seg innar.

24. Ein skulle alltid ta hatten eller huva av seg når ein kom inn og stod med den i handa til ein sette seg. Då la dei oftast hatten eller huva på golvet nede ved døra eller attmed seg.

7506
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25. Sjå svar 23.
26. Fantar og andre uvelkomne vart ikkje bedne om å setja seg. Dei laut stå nede ved døra medan dei bar fram ærendet sitt
27. Ein handhelsa aldri på heilt framande før dei hadde gjort greie for kven dei var, og ikkje då heller dersom det berre var forretning eller upassande ærend dei var ute i.
28. Når velkomne gjester kom inn i stova, reiste husmora seg snøgt og sette fram ein stol. Ho skunda seg då og turka av stolsetet eller benkelokket med forkle sitt eller med handa
29. Innbedne gjester vart helsa med: Velkomne.
30. Til farvel med kvardagslege vitjingar sa ein: Takk for meg. eller Takk for i dag o.s.b. Og vertsfolket svara: Sjølv takk og bad dei alltid „helsa heim."
Dersom det var om kvelden dei skildest, sa dei „god natt" attåt.
31. Når ein rekna med lang skilnad, handhelsa ein og bad farvel.
32. Ukjent.
33 — —
34. Eg trur helst at det berre var foreldre, syskin og andre nære slektningar som bruka å gi munn til mindre born. Dette vart i alle høve bruka i min barndom.
35. Ukjent
36. Når borna vart bedne om å gi munn, var det for å syne takksemd og vyrdnad Jfr. vanvyrdnad: „Kyss meg i revo."

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7506

37. Ukjent.
38. Tidlegare sa ein: Gi munn.
39. I min barndom hende det ofte at vener og slektningar gneid nasen sin mot nasen til småborn og sa: „Skal me leyta nase?"
40. Sjå 39.
41. Det hende jamt at vaksne kneipa nasa til barnet mellom peikefing og langfing og sa: „No tek eg nasa di."
42. Å leggja kjake mot kjake var kjærleiksteikn som vart bruka mellom born og foreldre og andre nære slektningar eller gode vener.
43. Men eg kjenner ikkje til at det vart bruka mellom vaksne.
44. „Lukka til," var vanleg uttrykk når nokon etla seg til med eit arbeid eller tiltak
45. Til jul sa ein „Gledeleg jul." men eg hugsar at Erik Flokketveit f. ca 1867. sa alltid „Godt jul." Og han heldt seg sers nøye til gamle uttrykk og vendingar. Til nyår sa dei: Godt nyttår eller Godt år.
Erik Flokketveit var jamt i arbeid hjå far min. Og når t. d. mor kom med drikka til han i slåtten, helsa han alltid fjågt: Velkomen.
46. Eg trur ikkje det vart bruka noko sers helsing ved dødsfall eller annan motgang. Folk målbar si medkjensle på ulik måte i slike høve
47. Ein handhelsa med alle dei pårørande og sa: takk for meg. Og likeins takka ein alle i laget for samværet med handtak.

7506

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

48. I gravferd var det vanleg at den som bar i hovudenden av lik-kista og gjekk sist ut döra sa: „takk for meg" når dei gjekk ut döra. Det vart også vanleg brika å setja likkista 3 gonger ned på dörstokken, og siste gongen var det dei sa „takk for meg."
No set ein kista ned på dörstokken ein gong og seier: Farvel.
49. Vanvyrdnad synte ein ved å sla på aksla og gjere grimaser med andletet.
Og det er elles fortalt at kvinnfolk i gamal tid, drog opp stakken og snudde nakne baken, til den dei ville syna serleg stor vanvyrdnad.
Kona åt Tjerand Nernes brika denne måten ein gong ho ville syna grannen sin Gunnar Nernes kor lite ho vyrde han – for ca 45 år sidan
50. Tiltegan sa folk alltid De til besteforeldre og andre gamle og til presten og andre embetsmenn.
51. Når dei snakka med presten sa dei han.
Det brugsar og Erik Flokketvedt gjorde under ein samtale med sokneprest Flåtten i Etne ca 1925.